

Kommentarer frå planleggar til vedtak i PMU med blått.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

I medhald av plan - og bygningslova § 12 - 10, tilrår plan- og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Breimyra Gnr. 137 Bnr. 109, 144 m.fl. i Lindås kommune ut til offentlig ettersyn, på følgjande vilkår:

- Det er ikkje satt av nok uteoppahaldsareal i forhold til kravet i kommuneplanen. Arealutnyttinga må grunngjevast i planskildringa og alternativ utnytting må vurderast.
 - [OK, planførersegner § 3.1.6](#)
- Planområdet må utvidast i søraust slik at ein har full kontroll på at frisikten ikkje vert hindra av forstyrrende element i vegens tilgrensande areal.
 - [OK, plankart](#)
- Det må gjerast greie for korleis dagens standard på til dømes samlevegen og krysset ned til fylkesveg 565 er tilfredsstillande sett i forhold til den auka trafikken som kjem på grunn av utbygginga reguleringsplanen legg til rette for.
 - [OK, planskildring kap. 8.7, fig. 14](#)
- Føremålet O_H1 må utvidast i retning NAT_1 slik at leskuret kan setjast opp utanfor frisktsona.
 - [OK, plankart](#)
- Det må lagast føresegn som sikrar at minst 2,5 % av parkeringsplassane er tilpassa rørslehemma.
 - [OK, planførersegner § 3.1.5](#)
- Sikring av murar/skjeringar må sikrast i føresegnene og det må setjast rekkjefølgjekrav om at sikringa skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for BB1.
 - [OK, planførersegner § 2.4.3](#)
- Det må takast inn føresegner som fastsett kva næringsområdet skal nyttast til.
 - [OK, planførersegner § 3.2.1](#)
- Blokk #1 og #2 skal delast opp i to bygningskroppar slik illustrasjonane viser. Dette må sikrast i føresegnene.
 - [OK, planførersegner § 3.1.7](#)
- Universell utforming for tilkomst til parkeringskjellar og leikeplass samt offentlege fortau/gangareal bør omtala i pkt. 8.4 i planskildringa. Dette bør og synleggjera med skisser for å illustrere teksten.
 - [OK, planskildring kap. 8.4](#)
- Det bør sikrast at ein bossbil kan snu inne på område ved BB1 der gjesteparkeringa skal etablerast. Alternativt må det visast korleis bossbil er tilstrekkeleg sikra.
 - [OK, planskildring kap 8.9, fig. 15](#)
- Eigarform bør forankrast i føresegnene (jf. nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister, del 1).
 - [OK, planførersegner § 1.3](#)

- Endre Friområde under pkt. §1.3 i føresegnene til Naturområde
 - o [OK, § 1.2, pkt. 5](#)
- Støttemurar samt rekkverk/gjerde ved høge skjeringar / murar bør visast på snitt og situasjonsplan.
 - o [Støttemurar, rekkverk/gjerde, skjeringar/murar vert gjort greie for i byggesøknad.](#)

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 22.01.2014

Arnold Matre frå administrasjonen orienterte i saka.

Framlegg frå Ap, Krf, H og SP:

PMU aviserer saka, og ber administrasjonen senda saka attende til tiltakshavar med dei merknadane som no ligg i rådmannen sitt framlegg til vedtak og fylgjande tillegg:

- Utgreia tilstrekkeleg siktsone mellom byggjeområde og o_KV1 i sving.
 - o [Det finst ikkje formelle krav til sikt i svingar for vegar i denne dimensjoneringsklassen. Sikta i svingen er på det minste 35-40m.](#)
- Ber om at det vert utarbeidd rekkefølgekrav for utbetring av kommunal veg og gangveg, ref. føresegner 4.1.1 og 4.2.1.
 - o [OK, planføresegner § 2.3.2](#)
- Presisering av variasjon på storleik av bueiningane.
 - o [OK, planføresegner § 2.4.2](#)